

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 25.10.2018
Tidspunkt: 11.00 – 16.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A, gjekk kl. 15.45
Helge Nævdal	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP, gjekk kl. 15.55
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	UAV
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Kvamme	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Gitton Håland	Roald Kvamme	A

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Målfrid Vik Sønstabø	Kst. direktør Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar kommunikasjonsrådgiving
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar
Gunbjørg Hanssen	Spesialkonsulent

Sigrid Helene Aardal
Sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 246/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 247/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 248/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 144/18	Utkast til fondsvedtekter	2015/1434	
RS 145/18	Orientering om rapporten "Koblingen mellom nullvekstmålet og nullvisjonen - fotgjengere og syklisters sikkerhet i storbyområdene"	2014/13889	
RS 146/18	Rekneskap ved sal av Løfallstrand ferjekai	2018/13490	
RS 147/18	Utbetring etter tunnelsikkerhetsforskrifta - Økonomisk situasjon i Hordaland	2016/149	
RS 148/18	Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga	2016/943	
RS 149/18	Vedr. ferjetilbodet i Sunnhordland	2014/23621	
RS 150/18	Evaluering av haldeplassoppgradering - kantstopp på Fv287 på Øvre Kråkenes. Rapport frå Statens vegvesen.	2017/16330	
RS 151/18	Statsbudsjettet 2019: Forslag om 21,5 mill. kroner (45,8%) reduksjon i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	2018/14820	
RS 152/18	Fv 7 som omkøyringsveg for E16 - møte med Kvam herad og Statens vegvesen	2018/13843	
RS 153/18	Nasjonal og vesentlig regional interesse innenfor jordvern	2018/14653	
RS 154/18	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 30.09.2018	2014/10180	
RS 155/18	Norges kulturkommune 2019	2017/181	
RS 156/18	Norges Håndballforbund Region Vest - Årets Landsturnering ble en stor suksess!	2017/16588	
RS 157/18	Finansiering av bompengeprojekt - Svar på oversendingsforslag frå Roald Kvamme (A)	2014/17239	
RS 158/18	Svar på oversendingsforslag - Trafikksikringstiltak Fv 40 Kvednabekken, Opstveit - Matre i Kvinnherad	2015/11214	
RS 159/18	Oppfølging RS 106/18 "Korleis har ungdom det?" - oversendingsforslag frå Tom Sverre Tomren (Krf)	2018/11854	
RS 160/18	Meldingssak om innhald i møteprotokoll frå fylkessekretariatet	2018/14533	
RS 161/18	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 25.10.2018	2015/10348	
RS 162/18	Oversikt over høyringar - fylkesutvalet den 25.10.2018	2018/14422	
RS 163/18	Svar på oversendingsforslag frå fylkestinget - tillegg av tema i Temaplan for landbruk	2017/14135	
RS 164/18	Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regionale interesser i Hordaland	2018/12198	
PS 249/18	Ymse		
PS 250/18	Delegerte saker		
DS 7/18	Stordalstunnelen - refinansiering av bompengelån	2018/301	

PS 251/18	Evaluering av løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2017	2018/13674
PS 252/18	Sykling i tunnel og oppfølging av dødsulykka i Raunekleivtunnelen i juli 2017	2017/14730
PS 253/18	Lokale båtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog	2017/17742
PS 254/18	Bompengar for elbil	2014/17239
PS 255/18	Namn på fylkesvegbruer i Austrheim kommune	2015/8463
PS 256/18	Tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i "Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022"	2017/14135
PS 257/18	Sal av Stord opplæringscenter på Heiane - gnr 44 bnr 336 i Stord kommune	2014/11865
PS 258/18	Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2018	2018/211
PS 259/18	Bruk av restmidlane i LUK-fondet	2018/10507
PS 260/18	Konkurransenutsetjing av Rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord	2018/14417
PS 261/18	Serviceinjenne i Bergen	2018/14297
PS 262/18	Stadsraad Lehmkuhl: Søknad om tilleggsløyving for 2018	2018/7917

PS 246/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Fylkesrådmannen bad om at sak PS 264/18 vart trekt frå sakslista.

Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden over.

PS 247/18 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Vedtak

Møteboka frå møtet 19. og 20. september vart godkjent utan merknader.

PS 248/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

I samband med RS 144/18 vedtok utvalet samrøystes å lukka møtet, jfr. komml. § 31.5.ledd jfr. offl. § 23.1.ledd.

RS145/18- RS164/18 vart refererte

PS 249/18 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp i samband med RS150/18 fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Få sak opp til politisk behandling om kantstopp som «Løsning».»

Framnes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innsendt spørsmål.

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Ladepunkt for elbilar

Det vert meldt om dårleg standard på ladestasjonen på Danmarks plass. Mange ladepunkter som stadig er i ustand. Det er ikkje overbygde ladestasjonar til ly mot regnet og dårlege lysforhold. Dette er utfordrande når ein må bruke mobilen til lading.

Er det noko fylkeskommunen kan gjera med dette og eventuelt med utforminga av komande ladestasjonar?»

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Tak over hurtigladerne på Danmarks plass var i utgangspunktet planlagt. Det ble i forrige politikse periode arrangert en arkitektkonkurrane og kåret vinner . Prosjektet ville imidlertid blitt så dyrt (mange millioner) at den politiske vurderingen var at tak over stasjonen på Danmarks plass var for dyrt og tak-prosjektet ble derfor skrinlagt.

Hurtigladestasjonen på Danmarks plass driftes av BKK som også eier utstyret. Akkurat nå er 20 av dei 21 ladepunkta på Danmarks plass operative. Generelt er det god standard på ladestasjonane på Danmarks plass. Dette er fylkets mest brukte hurtigladestasjon og har fleire ladinger enn ein vanleg bensinstasjon har drivstoffyllingar. Tilstanden på stasjonen er langt betre enn det ein kan få inntrykk av ut i frå eit oppslag i BA denne uka.»

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Syner til RS135/18 «Nasjonal rammer for vindkraft.» Kan Fylkesutvalet få administrasjonen sin uttale i denne saka?»

Spørsmålet var svart på i RS 164/18.

Open time.

Tom Sverre Tomren (Krf) sette på vegner av Krf fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalget ber om å få en oppdatering på status for arbeidet med lokaler på Austreim VGS på møte i November."

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Tom Sverre Tomren (Krf) etterlyste svar på sitt spørsmål i fylkesutvalet 30.08.2018 om «Rikspolitiske føresegner for kjøpesenter opphørde 1.juli 2018. Har det betydning for bemanninga?»

Ved ein inkurie var ikkje svar kome med i referatsakene til dette møtet. Svar vart sendt til utvalsmedlemene på e-post.

Det vart gjeve slikt svar:

«Viser til møte i fylkesutvalet 30.08.2018 med spørsmål frå Tom Sverre Tomren (Krf):
«Rikspolitiske føresegner for kjøpesenter opphørde 1. juli 2018. Har det betydning for bemanninga?»

Den regionale føresegna for handel i Hordaland, som ligg inne i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland», avløyste den nasjonale kjøpesenterføresegna i gjennom fylkestinget sitt vedtak av planen i 2014. I den regionale føresegna vart samtykkemynde overført til Hordaland fylkeskommune frå Fylkesmannen. Sidan 2014 har fylkeskommunen jobba med oppfølging av den regionale planen, handsama kommunale saker i høve til mål, føresegn og retningslinjer, og handsama søknader om samtykke til etablering av handel etter den regionale føresegna.

Den regionale føresegna for handel gjeld i ti år eller til den vert avløyst av kommunale føresegner. Ved rullering av arealdelar til kommuneplanar har vi eit høgt fokus på innarbeiding av regionale føringar om handel.

Føresegna er juridisk bindande for kommunar og private, og det er eit stort behov for rettleiing i konkrete saker og om samtykkehandsaming og handelsanalysar. Vi har denne hausten utarbeida nettsider om handel og planlegging, laga ein mal for utarbeiding av handelsanalysar og produserer årleg oppdaterte sider på statistikk.invest.no med data til handelsanalysar. I november arrangerer vi eit heildagsseminar (plannettverk) for kommunane i fylket med handel som tema.

Søknader om samtykke gjeld ofte kompliserte spørsmål som må gjennom grundig utgreiing. I desse sakene er det eit stort påtrykk frå private tiltakshavarar med høg juridisk kompetanse og sterke økonomiske interesser. Handsaming og utarbeiding av dei politiske sakene er omfattande og tidkrevjande.

At den nasjonale kjøpesenterføresegna fall bort endrar ikkje arbeidsmengda knytt til oppfølging av Senterplanen og regional føresegn for handel. Vi merkar auka tal på sakar som må handsamast etter den regionale føresegna, særleg det siste året. Auka arbeidsmengde knytt til at fylkeskommunen er samtykkemynde har ikkje ført til ekstra bemanning.»

Fråsegner

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag til uttale til Olje - og energidepartementet:

«Fylkesutvalet i Hordaland seier nei til 160 meter høge vindturbinar ved innseglinga til Sognefjorden.»

Zephyr AS vil reise rundt 25 turbinar med ei totalhøgde på 160 meter på Dalsbotnfjellet. Kommunen har sagt nei, og berre 9 av 45 grunneigarar har signert kontrakt med selskapet. Gulen-ordførar Hallvard Oppedal (Sp) meiner kommunen og innbyggjarane er ført bak lyset. I tillegg er ei ny 132 kV kraftledning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset i Masfjorden kontroversielt. Hovudsaka er at ledningen vil gå gjennom Myrdalen, eit område som av mange opplevast som uberørt og attraktivt for friluftsliv.

«Meld. St.6(2018-2019) oppgaver til nye regionar.» påpeikar: «Videre skal NVE konsultere fylkeskommunene og vektlegge fylkeskommunal planlegging i konsesjonsbehandlingen til utbygging av små vannkraftverk og vindkraft.»

Hordaland Fylkesutval meiner at omsynet til den inngrepsfrie naturen er avgjerande. Dette er eit fantastisk rekreasjonsområde og Fylkesutvalet vil stø Gulen kommune og seie nei til utbygging av vindmøller i dette unike friluftsområdet som Dalsbotnfjellet er. Den urørte naturen er Gulen sitt viktigaste trekkplaster og bør framleis vera eit område for friluftsliv og naturopplevingar. Derfor vil Fylkesutvalet stø lokaldemokratiet i denne saka og ber OED om å ta lokaldemokratiet på alvor og seie nei til dette prosjektet.»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandla saka.

Røysting.

Oen sitt forslag vart vedteke oversendt med 10 røyster (A, Sp, Krf, SV og V).

Vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland seier nei til 160 meter høge vindturbinar ved innseglinga til Sognefjorden.

Zephyr AS vil reise rundt 25 turbinar med ei totalhøgde på 160 meter på Dalsbotnfjellet. Kommunen har sagt nei, og berre 9 av 45 grunneigarar har signert kontrakt med selskapet. Gulen-ordførar Hallvard Oppedal (Sp) meiner kommunen og innbyggjarane er ført bak lyset. I tillegg er ei ny 132 kV kraftledning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset i Masfjorden kontroversielt. Hovudsaka er at ledningen vil gå gjennom Myrdalen, eit område som av mange opplevast som uberørt og attraktivt for friluftsliv.

«Meld. St.6(2018-2019) oppgaver til nye regionar.» påpeikar: «Videre skal NVE konsultere fylkeskommunene og vektlegge fylkeskommunal planlegging i konsesjonsbehandlingen til utbygging av små vannkraftverk og vindkraft.»

Hordaland Fylkesutval meiner at omsynet til den inngrepsfrie naturen er avgjerande. Dette er eit fantastisk - rekreasjonsområde og Fylkesutvalet vil stø Gulen kommune og seie nei til utbygging av vindmøller i dette unike friluftsområdet som Dalsbotnfjellet er. Den urørte naturen er Gulen sitt viktigaste trekkplaster og bør framleis vera eit område for friluftsliv og naturopplevingar. Derfor vil Fylkesutvalet stø lokaldemokratiet i denne saka og ber OED om å ta lokaldemokratiet på alvor og seie nei til dette prosjektet.

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag til uttale til statsministeren, samferdselsministeren, samferdselsdepartementet og Hordalandsbenken:

«Landet treng ein heilskapleg plan for skredsikring!

Fylkesutvalet i Hordaland ber om at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for skredsikring av riks og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.

Sidan oktober i fjor har det gått 2634 skred på veg ifølge vegkart.no. Heile 271 av skredhendingane førte til fullstendig vegstenging, og i hundre tilfelle førte skred til vesentlege skader på vegen. At ikkje fleire enn tre personar vart skadde må i stor grad tilskrivast utstrekst stenging av vegar, grunna rasfare. Ser me på dei siste 10 åra ligg årsgjennomsnittet på 2380 skred, og 263 stengingar for all trafikk. I nyhendebiletet framstår hendingane som meir eller mindre tilfeldige enkeltsaker, spreidd rundt omkring i det meste av landet. Merksemda er sterk lokalt, ved store hendingar også nasjonalt, men det er lite fokus på å sjå dette i eit heilskapsperspektiv. Det manglar konkrete mål for å løyse dei samla utfordringane med skred på vegnettet.

I framlegg til Statsbudsjett for 2019 vert det frå samferdsledepartementet foreslått å løyve 1093 mill. til skredsikring på riksvegar (post 31) og 777 mill. til skredsikring på fylkesvegar (post 62), til saman 1870 mill. Dette er 156 mill. meir enn i 2015- budsjettet og 472 mill. høgare enn i årets budsjett.

Fylkesutvalet er glade for auka løyvingar til skredsikring, men me vil påpeika at den etterfølgjer ein årleg nedgang sidan 2015.

Dei berekna totale kostnadane for skredsikringsprosjekt av registrerte punkt, innan høg- og middels skredfaktor, på riks- og fylkesvegnettet, vert i Statens vegvesen sitt vegkart.no pr. 10 oktober i år, rekna til om lag 51 milliardar kroner.

Dette dokumenterar behov for ein heilskapleg nasjonal plan.»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandla saka.

Røysting.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.

Vedtak

Landet treng ein heilskapleg plan for skredsikring!

Fylkesutvalet i Hordaland ber om at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for skredsikring av riks og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.

Sidan oktober i fjor har det gått 2634 skred på veg ifølge vegkart.no. Heile 271 av skredhendingane førte til fullstendig vegstenging, og i hundre tilfelle førte skred til vesentlege skader på vegen. At ikkje fleire enn tre personar vart skadde må i stor grad tilskrivast utstrekst stenging av vegar, grunna rasfare. Ser me på dei siste 10 åra ligg årsgjennomsnittet på 2380 skred, og 263 stengingar for all trafikk. I nyhendebiletet framstår hendingane som meir eller mindre tilfeldige enkeltsaker, spreidd rundt omkring i det meste av landet. Merksemda er sterk lokalt, ved store hendingar også nasjonalt, men det er lite fokus på å sjå dette i eit heilskapsperspektiv. Det manglar konkrete mål for å løyse dei samla utfordringane med skred på vegnettet.

I framlegg til Statsbudsjett for 2019 vert det frå samferdsledepartementet foreslått å løyve 1093 mill. til skredsikring på riksvegar (post 31) og 777 mill. til skredsikring på fylkesvegar (post 62), til saman 1870 mill. Dette er 156 mill. meir enn i 2015- budsjettet og 472 mill. høgare enn i årets budsjett.

Fylkesutvalet er glade for auka løyvingar til skredsikring, men me vil påpeika at den etterfølgjer ein årleg nedgang sidan 2015.

Dei berekna totale kostnadane for skredsikringsprosjekt av registrerte punkt, innan høg- og middels skredfaktor, på riks- og fylkesvegnettet, vert i Statens vegvesen sitt vegkart.no pr. 10 oktober i år, rekna til om lag 51 milliardar kroner.

Dette dokumenterer behov for ein heilskapleg nasjonal plan.

PS 250/18 Delegererte saker

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 25.10.2018

DS 7/18 vart teke til orientering.

DS 7/18 Stordalstunnelen - refinansiering av bompengelån

PS 251/18 Evaluering av løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2017

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i dei prisregulerte områda i Hordaland til etterretning.
2. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i Bergen køyreområde til etterretning.
3. Fylkesutvalet godkjenner at det totale talet på handikapløyve vert redusert frå 48 til 40 løyve.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i dei prisregulerte områda i Hordaland til etterretning.
2. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i Bergen køyreområde til etterretning.
3. Fylkesutvalet godkjenner at det totale talet på handikapløyve vert redusert frå 48 til 40 løyve.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i dei prisregulerte områda i Hordaland til etterretning.
2. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i Bergen køyreområde til etterretning.
3. Fylkesutvalet godkjenner at det totale talet på handikapløyve vert redusert frå 48 til 40 løyve.

PS 252/18 Sykling i tunnel og oppfølging av dødsulykka i Raunekleivtunnelen i juli 2017

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet gir tilslutnad til kartlegging av aktuelle tunnelar og tilrettelegging for syklende, og ber om at det vert lagt fram sak om dette når kartlegginga er klar.

Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 16.10.2018

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkesutvalet gir tilslutnad til kartlegging av aktuelle tunnelar og tilrettelegging for syklende, og ber om at det vert lagt fram sak om dette når kartlegginga er klar.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet gir tilslutnad til kartlegging av aktuelle tunnelar og tilrettelegging for syklende, og ber om at det vert lagt fram sak om dette når kartlegginga er klar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet gir tilslutnad til kartlegging av aktuelle tunnelar og tilrettelegging for syklende, og ber om at det vert lagt fram sak om dette når kartlegginga er klar.

PS 253/18 Lokale båtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Astrid Aarhus Byrknes (Krf) sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbodet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.»

Røysting

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbodet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkeskommunen vil førebu kjøp av transporttenester for båttrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden er at tilbudet kan driftast innanfor dagens kostnadsrammer, og ber dei involverte kommunane medverke til finansiering med ei 50/50 kostnadsdeling. Dersom det etter konkurransen viser seg at kostnadane vert høgare enn dagens kostnadsnivå, skal saka til politisk handsaming.

PS 254/18 Bompengar for elbil

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. 50 % påslag for bompengar på elbil ut over rabattert ferjetakst gjeld også for ferjestrekningane mrf påslag for bompengar. Dette gjeld Austevollferjene, Årsnes-Gjermundshavn og Langevåg – Buavåg.
3. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

PS 255/18 Namn på fylkesvegbruer i Austrheim kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim:

Fv 565	Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	Bakkøybrua
Fv 565	Bru over Kilstraumen	Kilstraumbua
Fv 568	Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	Ulvøybrua
Fv 568	Bru over Bukkholmstraumen	Bukkholmestraumbua

Fv 568	Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	Lauvøybrua
Fv 424	Brua over Sævrøysundet	Sævrøybrua
Fv 421	Brua over til Lerøyna	Lerøybrua

2. Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim

Fv 418	Brua i Synnevågen	Synnevågbrua
Fv 568	Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	Kovesundbrua

3. Bruene over 100 meter får skilt.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim:

Fv 565	Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	Bakkøybrua
Fv 565	Bru over Kilstraumen	Kilstraumbua
Fv 568	Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	Ulvøybrua
Fv 568	Bru over Bukkholmstraumen	Bukkholmestraumbua
Fv 568	Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	Lauvøybrua
Fv 424	Brua over Sævrøysundet	Sævrøybrua
Fv 421	Brua over til Lerøyna	Lerøybrua

2. Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim

Fv 418	Brua i Synnevågen	Synnevågbrua
Fv 568	Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	Kovesundbrua

3. Bruene over 100 meter får skilt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- 1 Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim:

Fv 565	Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	Bakkøybrua
Fv 565	Bru over Kilstraumen	Kilstraumbua
Fv 568	Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	Ulvøybrua
Fv 568	Bru over Bukkholmstraumen	Bukkholmestraumbua
Fv 568	Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	Lauvøybrua
Fv 424	Brua over Sævrøysundet	Sævrøybrua

Fv 421 Brua over til Lerøyyna Lerøybrua

2 Fylkesutvalet vedtek følgjande namn på fylkesvegbruer i Austrheim

Fv 418 Brua i Synnevågen Synnevågbrua
Fv 568 Brukaret over til Lauvøyyna på Sævrøyvegen Kovesundbrua

3 Bruene over 100 meter får skilt.

PS 256/18 Tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i "Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022"

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek dei tilrådde tiltaka slik det kjem fram av saksframlegget, og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med tiltaka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Kari Sørensen Bernardini (A) sette på vegne av A, Sp og Krf fram slikt tilleggforslag:

Tillegg.

«Tillegg under «Innsatsområdet» i handlingsplanen:
Styrke arbeidet mot sosial dumping i landbruket»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek dei tilrådde tiltaka slik det kjem fram av saksframlegget, og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med tiltaka.
2. Tillegg under «Innsatsområdet» i handlingsplanen:
Styrke arbeidet mot sosial dumping i landbruket.

PS 257/18 Sal av Stord opplæringscenter på Heiane - gnr 44 bnr 336 i Stord kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner sal av Stord opplæringscenter på Heiane i Stord kommune.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 23 mill.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner sal av Stord opplæringscenter på Heiane i Stord kommune.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 23 mill.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

PS 258/18 Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2018

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygging	6 050 000	
10 639.020.00	02320	02170	Årstad vgs. - Elevtenester	3 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		9 050 000
				9 050 000	9 050 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 16.10.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygging	6 050 000	
10 639.020.00	02320	02170	Årstad vgs. - Elevtenester	3 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		9 050 000
				9 050 000	9 050 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygging	6 050 000	
10 639.020.00	02320	02170	Årstad vgs. - Elevtenester	3 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		9 050 000
				9 050 000	9 050 000

PS 259/18 Bruk av restmidlane i LUK-fondet

Forslag til vedtak

Følgjande tiltak vert finansiert med overføring av restmidlane i regionalavdelinga sitt LUK-fond:

1. Den økonomiske ramma for Regionale Etablerarfond 2018 vert utvida med 1.472.976 kroner.
2. Det vert sett av 200.000 kroner til finansiering av Kom`an-konferansen i 2018 og 2019.
3. Det vert sett av 250.000 kroner til oppdatering av nettstad for etablerertenester.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande tiltak vert finansiert med overføring av restmidlane i regionalavdelinga sitt LUK-fond:

1. Den økonomiske ramma for Regionale Etablerarfond 2018 vert utvida med 1.472.976 kroner.
2. Det vert sett av 200.000 kroner til finansiering av Kom`an-konferansen i 2018 og 2019.
3. Det vert sett av 250.000 kroner til oppdatering av nettstad for etablerertenester.

PS 260/18 Konkurransetsetjing av Rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om bussdrift i Bergen sentrum og Bergen nord inkludert Osterøy, i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnarane av konkurransane.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Kari Foseid Aakre (A) sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.

Misa meiner at saksutgreiinga er mangelfull på kostnadsutgreiing for el-teknologi og den er ikkje i tråd med overordna mål om at Bergen skal vera fossilfri innan 2025.

Misa ber rådmannen om kostnadsoverslag for å nå måla i klimaplanen og temaplan for null- og lågutsleppsbusar.

Misa ønskjer i tillegg konkret kostnadsoverslag for elbusar.

Misa føreset at ein får sak innan tidsfristane for kontraktsutlysing.»

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Setebeltene på samtlege busar skal vere tilpassa slik at det kan vere ei trygg løysing for born.

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt oversendingsforslag:

«Fylket sender Trafikkplan Bergen på politisk orientering til Bergen Kommune.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«MISA grunngjev oversendingsforslaget med at ein ved å gå for rådmannen si innstilling ikkje når måla om nullutsleppsteknologi i Bergen innan 2025.

MISA ber om at det fram mot FU vert føreteke kostnadsutgreiing for el-teknologi.

MISA ber rådmannen om kostnadsoverslag for å nå måla i klimaplanen og temaplan for null- og lågutsleppsbusar.

MISA ønskjer i tillegg konkret kostnadsoverslag for el-bussar.

MISA ønskjer at det vert utgreidd kostnadsoverslag for setebelte for born.»

Aakre trekte sitt forslag.

Angeltveit trekte sitt tilleggsforslag.

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 4 røyster (H og Frp) og fall.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillar utan realitetsbehandling.

Angeltveit sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Synnøve Solbakken (A) sette på vegner av A, Sp, Krf, SV og V fram slikt forslag:

Alternativ.

- «1. For å nå måla i temaplanen for låg- og nullutsleppsbusar om elektrifisering og 65 % CO₂-kutt, elektrifiserast dei 10 utvalde busslinjene i Bergen sentrum, i tillegg til trolleybusser i tråd med saksframlegget.
2. For dei resterande bussane i begge kontraktsonråda legg fylkesutvalet til grunn bruk av biogass.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om busdrift i Bergen sentrum og Bergen nord inkludert Osterøy, i tråd med saksutgreiinga og vedtaka fatta i saka.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnarane av konkurransane.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

1. «Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om busdrift i Bergen sentrum og Bergen nord inkludert Osterøy, i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnarane av konkurransane.»

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

Tillegg.

«Ha ein opsjon om setebelte for barn på samtlege bussar, slik at det kan vera ei trygg løysing for barn.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

Tillegg.

«Fylkesutvalget ønsker optimal utnyttelse av verksted i anbudsprogrammene. Utvalget ber administrasjonen gi mulighet for ekstern reparasjon av kjøretøy.»

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slik protokollmerknad:

«Disse partiene viser til A/Krf/Sp/SV/V's framlegg til vedtak i sak 260/18 –Konkuranseuttsetting av Rutepakken sentrum og Bergen Nord.

Disse partier mener at konsekvensene av vedtaket ikke er tilstrekkelig utredet, og at vedtaket fremstår som økonomisk uforsvarlig.

Disse partiene mener merkostnadene knytt til vedtaket kan sette fremtidig ruteproduksjon (frekvens og kapasitet) i fare, og dermed ramme det samlede kollektivtilbudet til innbyggerne i Hordaland og etterhvert Vestland fylke.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp og H) og fall.

Solbakken sitt forslag fekk med 10 røyster (A, Sp, Krf, SV og V) og vart vedteke.

Njærheim sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, Krf, SV og V) og vart vedteke.

Framnes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og V) og fall.

Vedtak

1. For å nå måla i temaplanen for låg- og nullutsleppsbusar om elektrifisering og 65 % CO₂-kutt, elektrifiserast dei 10 utvalde busslinjene i Bergen sentrum, i tillegg til trolleybusser i tråd med saksframlegget.
2. For dei resterande bussane i begge kontraktsonråda legg fylkesutvalet til grunn bruk av biogass.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om busdrift i Bergen sentrum og Bergen nord inkludert Osterøy, i tråd med saksutgreiinga og vedtaka fatta i saka.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnarane av konkurransane.
5. Ha ein opsjon om setebelte for barn på samtlege bussar, slik at det kan vera ei trygg løysing for barn.

Protokollmerknad frå Frp og H.

Disse partiene viser til A/Krf/Sp/SV/V's framlegg til vedtak i sak 260/18 –Konkuranseuttsetting av Rutepakken sentrum og Bergen Nord.

Disse partier mener at konsekvensene av vedtaket ikke er tilstrekkelig utredet, og at vedtaket fremstår som økonomisk uforsvarlig.

Disse partiene mener merkostnadene knytt til vedtaket kan sette fremtidig ruteproduksjon (frekvens og kapasitet) i fare, og dermed ramme det samlede kollektivtilbudet til innbyggerne i Hordaland og etterhvert Vestland fylke.

PS 261/18 Servicelinjene i Bergen

Forslag til innstilling

Fylkeskommunen vil ikkje vidareføre servicelinjene i Bergen etter utløp av inneverande kontrakt i juni 2020.

Det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne type transporttenester. Bergen kommune skal involverast i arbeidet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Endringsforslag andre setning:

Det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne brukargruppa.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag første setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag andre setning. Fylkesrådmannen sitt forslag siste setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkeskommunen vil ikkje vidareføre servicelinjene i Bergen etter utløp av inneverande kontrakt i juni 2020. Det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne brukargruppa. Bergen kommune skal involverast i arbeidet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt alternativt forslag:

Alternativ:

«Fylkeskommunen vidarefører servicelinjene i Bergen etter utløp av inneverande kontrakt i juni 2020.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall. Innstillinga fekk 13 røyster (A, Sp, Krf, Sv, V og H) og vart vedteken.

Vedtak

Fylkeskommunen vil ikkje vidareføre servicelinjene i Bergen etter utløp av inneverande kontrakt i juni 2020.

Det skal gjennomførast ei utgreiing av framtidig behov og moglege løysingar for denne brukargruppa. Bergen kommune skal involverast i arbeidet.

PS 262/18 Stadsraad Lehmkuhl: Søknad om tilleggslyøving for 2018

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og ber fylkesrådmannen kome tilbake til saka i samband med framlegging av rekneskap 2018 og evt. tildeling av overskotsmidlar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.10.2018

Saka vart trekt frå saklista.